

# 1. mai

1. mai er den internasjonale dagen til arbeidarane. Dagen er både ein kampdag og ein festdag der arbeidarane demonstrerer for viktige saker og markerer verdiane til arbeidarrørsla.



Berlin. Foto: Sergey Kohl, Shutterstock

London. Foto: Londisland, Shutterstock

Berlin. Sergey Kohl, Shutterstock


Kvart år går mange tusen menneske i verda i tog 1. mai. Dagen er ein offentleg høgtidsdag og ein fridag i mange land. Bak denne fridagen skjuler det seg ein lang kamp om rettar som vi i dag tek for gjevne.

## Historia om 1. mai

Som ein del av den industrielle revolusjonen på 1800-talet voks det fram mange fabrikkar i mange land. Det blei produsert store mengder varer. Folk flytta til byane for å jobbe i fabrikkane. Ein arbeidsdag varte som regel mykje lenger enn det vi er vande med, og mange stader var arbeidsforholda ikkje særleg gode. Etter kvart organiserte arbeidarane seg i fagforeiningar for å kjempe for rettane sine.



New York 1912. Foto: Everett Historical, Shutterstock



Kilde:Flickr

## 1. mai norsk nynorsk

På ein internasjonal arbeidarkongress i Paris i 1889 blei det vedteke at arbeidarane skulle krevje åtte timars arbeidsdag. Det blei også bestemt at 1. mai skulle vere arbeidarane sin dag. Korleis markeringa av dagen skulle skje, var opp til arbeidarrørsla i kvart enkelt land.

## 1. mai i Noreg

I 1890 feira arbeidarrørsla i Noreg for første gong 1. mai som den internasjonale kamp- og festdagen sin. Dagen blei markert i fleire byar, og i hovudstaden, som den gongen heitte Kristiania, blei det arrangert demonstrasjonstog. Mange menneske deltok i toget, og den viktigaste kampsaka var kravet om åtte timars arbeidsdag. På plakatane som blei borne i toget stod det: «8 timer arbeid, 8 timer frihet og 8 timer hvile».

I mange år var åttetimersdagen det viktigaste kravet frå arbeidarane. Seinare har dagen gitt uttrykk for krava og idéane til arbeidarrørsla i tida.

### 1.mai-tog



Kilde: Wikimedia



Kilde: Wikimedia

Politiske parti og nokre organisasjonar markerer dagen med ulike arrangement. Feiringa av 1. mai byrjar tidleg om morgonen med samlingar og ofte felles frukost. Deretter er det talar og 1. mai-tog. Dei som deltek i 1. mai-toget, ber faner som viser kva slags foreining dei høyrer til i. I tillegg til

## 1. mai norsk nynorsk

fanene i toget er det banner med parolar som avspeglar aktuelle saker i samfunnet. Musikk-korps og song har alltid vore viktige på 1. mai.

## Ein internasjonal solidaritetsdag

For arbeidarrørsla i Noreg og arbeidarar over heile verda er 1. mai ein svært viktig festdag og ein politisk viktig dag. Heilt frå første stund har 1. mai-feiringa vore både ein internasjonal festdag, ein kampdag og eit symbol på styrken og einskapen til arbeidarrørsla.

Dagen har ofte handla like mykje om å dyrke samhold og identitet som om kampsaker og parolar. I dag er 1. mai ein viktig dag for å vise solidaritet med arbeidarar over heile verda.



Kilde: Flickr



Kilde: Flickr



Førstemaipakat på arabisk. Kilde: abu\_zeina, Shutterstock